

Siste nytt

[Grunnskuleveka vert marke...](#)
 «VÅGE KRINS GJENNOM 50 ÅR». I veke 45, 04...

[Den gamle ferdsselsåra Våg...](#)
 I 1990 åra jobba Våge skule med prosjektet...

[Alle saker](#)

Våge skule - nyhende > Siste nytt

Siste nytt

Siste nytt

Den gamle ferdsselsåra Våge - Helvik

I 1990 åra jobba Våge skule med prosjektet "Den gamle ferdsselsåra Våge – Helvik". Prosjektet vart integrert i skulefag og -arbeid og blei del av skuledagen nokre dagar vår og haust. Dei eldste elevane tok del i det praktiske arbeidet med å rydda den gamle ferdsselsåra. Resultatet blei ei fine turløypa over haugane og fram til sjøen frå Våge til Helvik.

I åra etter har mange, både skuleelevane og dei vaksne ved skulen og ikkje minst bygdafolk og andre turglade menneske hatt glede av turløypa i variert natur og med mykje god utsikt. Skulen har nytta løypa kvar haust, men til tross for bruk, har løypa grodd mykje til dei siste åra. Det blei etter kvart vanskeleg for små føtter å ta seg fram på den gamle ferdsselsåra.

Skulen har ikkje lengre hatt høve til å halda løypa open ved å klippa og rydda etter kvart som det grodde til med gras og lyng. Rektor vart tipsa om å kontakta gutteklubben "Gutta på tur" for å utfordra dei på eit dugnadsarbeid i den gamle ferdsselsåra mellom Våge og Helvik.

"Gutta på tur" fekk ein invitasjon frå skulen, som dei takka ja til. Medlem i frå klubben har i vår jobba dugnad på den gamle ferdsselsåra. Dei har klypt, renska og rydda og gjort vegen mellom Våge og Helvik farbar igjen.


Me på Våge skule sett stor pris på den jobben desse har gjort og seier TUSEN TAKK! Me gler oss til igjen å kunne ta turen i løypa. Og me håper andre turglade menneske på ny vil finna glede i naturopplevingane på vegen mellom Våge og Helvik.

Publisert av *Inger Johanne Sele*. Sist endra 06.06.2013

[Tilbake](#) [Tips ein venn](#) [Utskriftsvennleg versjon](#)



Kontaktinformasjon

Bømlo kommune
 Bømlo kommune
 Rådhuset, Leirdalen 1
 5430 Bremnes
 E-post: 

Telefon : 53 42 30 00
 Faks : 53 42 30 01
 Org.nr. : 834 210 622
 Mva.nr. : 834 210 622 MVA
 Kontonr. : 3201.61.51687
 Kommunensnr: 1219
 Opningstid 08.30-14.30

